

Dei to firmaa slår seg saman: – Vi har i dag 750 kundar

ØkoRåd Fjord AS er etablert som eitt av dei store rekneskapskontora i Nordfjord og på Sunnmøre med over 30 tilsette.



Tilsette ved hovudkontoret er Wenche Seljeset Leoni (f.v.), Jagoda Reksnes, Lars Mikal Torheim, Steven Aaland, Olaug Solheim Rotihaug, Inger Helen Haavik, Ivar Paulsen og Jan Ove Lotsberg. FOTO: SIRI KOLSETH

Siri Kolseth

Oppdatert: 45 minuttar sidan

Det er to rekneskapskjeder som no går saman, men også to rekneskapsfirma som slår seg saman når ØkoRåd Fjord AS er etablert med hovudkontor på Nordfjordeid.

Med 32 tilsette har tidlegare Vekstra Fjord Rekneskap AS og Hornindal Rekneskap AS blitt til ØkoRåd Fjord AS og ein av dei store aktørane i bransjen i området.



Dagleg leiar Jan Ove Lotsberg seier at det nye selskapet arbeider breidt i marknaden.

– Vi dekker det meste av lokalt næringsliv, slik som landbruk, småindustri og handverk, service, konsulentselskap, eigedomsselskap og holdingsselskap med meir. Vi har i dag 750 kundar, seier Lotsberg.



Jan Ove Lotsberg (t.v.) er dagleg leiar og Ivar Paulsen er administrasjonsleiar i ØkoRåd Fjord AS. FOTO: SIRI KOLSETH

Har kontor seks plassar

Selskapet har kontor i Hornindal, Stryn, Sandane, Ulsteinvik og Valldal, i tillegg til Nordfjordeid. På Nordfjordeid held rekneskapskontoret fram i lokala som Vekstra Fjord Rekneskap har hatt i Sjøgata sidan 2018.

Det nye selskapet vert etablert i ein bransje som er i klar vekst, og Jan Ove Lotsberg seier at dei om kort tid skal styrke kapasiteten for å serve den aukande interessa dei møter. Det er alt planlagt ei første ny stilling, og den kjem mest truleg i indre del av Nordfjord.

I 2023 auka dei to selskapa, som har gått saman, talet på tilsette med heile ni personar, og Jan Ove Lotsberg seier at det nye rekneskapskontoret står veldig godt rusta når det har fått ein fin

miks av tilsette i ulike aldrar. Framover ønsker ein å tilsette fleire unge medarbeidarar.



– Det er ein god arbeidsmarknad for dei som studerer økonomi, seier Lotsberg.

Ved nyetableringa gjer ØkoRåd Fjord AS det klart at dei skal vere gode på automatisering og digitalisering av rekneskapsoppgåver. Det er viktig i forhold til teknologi og det gjev kunden løpande oppdateringar.

– Vi ønsker også meir å verte ein sparringspartnar, hjelpe til med å sjå på moglegheiter til forbetringar, gjere økonomiske analyser og gje generell økonomisk rådgjeving. Automatisering og digitalisering gjer at vi brukar mindre tid på bokføringsjobben, og har meir tid til rådgjeving, seier Jan Ove Lotsberg.

ØkoRåd Fjord AS er eigd av tilsette i selskapet og er eit frittståande rekneskapskontor som har medlemskap i kjeden ØkoRåd Gruppen.



Inger Helen Haavik (t.v.) og Jagoda Reksnes er to av dei som arbeider ved hovudkontoret. FOTO: SIRI KOLSETH



Jan Ove Lotsberg leiar det nye selskapet som har lokale i første etasje i dette bygget i Sjøgata på Nordfjordeid. FOTO: SIR